

Nasjonal TAF-konferansen i Møre og Romsdal 27. november 2008

Tekniske og allmenne fag – mot nyare mål

Haram vidaregåande skule arrangerer nasjonal dagskonferanse for tekniske og allmenne fag (TAF) torsdag 27. november 2008, kl 10:00 – 15:30. Konferansen blir halden på Ingebrikt Davik-huset i Brattvåg.

Konferansen er for alle som har erfaringar med, ønskjer å starte opp, har interesse av eller vil vite meir om TAF-ordninga. Aktuelle deltakarar vil vere skuleeigarar, bedriftsleiarar, skuleleiarar, rådgivarar etc.

Tekniske og allmenne fag er no inne i sitt 16. skuleår, og har vorte godt mottatt av næringsliv, elevar og skule. Tilbod blir no gitt ved mange stader i landet, og har ei utbreiing og eit omfang som tilseier at det har funne sin plass i den vidaregåande opplæringa. For nærare orientering og informasjon om TAF-ordninga og skular som tilbyr denne opplæringa, sjå www.taf.no

Med grunnlag i dei erfaringar som bedrifter, skular og elevar har med denne opplæringsordninga fram til no, vil konferansen sette fokus på vegen vidare; korleis kan TAF bli ein fast del av den vidaregåande opplæringa, og kan ordninga utvidast til fleire fagområde? Kva skal til for å få til dette? Program for dagen finn du her: *(her må lagast ein eigen link)*

Pris pr deltakar:

Dagpakke kr 1000,- som inkluderer lunsj.

Transport + dagpakke kr 1250,-

Overnatting, transport og dagpakke kr 2000,-

Påmeldingsfristen er sett til 31. oktober 2008.

Spørsmål i samband med påmeldinga kan rettast til Kjellaug Flusund Finnøy e-post Kjellaug.finnoy@fmmr.no eller tlf 71258067.

Spørsmål i samband med konferansen kan rettast til Jan Magne Helland e-post jan.magne.helland@mrfylke.no eller tlf 70209600.

Vi ønskjer velkomen til ein givande konferanse.